



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 25.11.2014

Vår ref.: 2013/1245

Arkivnr.: 421.3

Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Trekking av motsegn til næringsområde Malm Orstad på Voll, Klepp

Vi viser til Klepp sitt endelege kommunestyrevedtak på kommuneplanen og protokollen til meklinga.

Kommunestyret i Klepp har nå eigengodkjent kommuneplanen. Til arealdelen har alle arealdisponeringane funne si løysing med unntak av næringsområdet til Malm Orstad på Voll. Eit samrøystes kommunestyre vedtok å sende næringsområdet til Malm Orstad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen har gjort ei ny vurdering av næringsområdet på Malm Orstad i etterkant av kommunestyremøte. Vi har kome til at vi **trekkjer motsegna** til utvidinga av næringsområdet. I vurderinga har Fylkesmannen vektlagt at avgjerda om utviding av næringsområdet er godt forankra i kommunen gjennom eit samrøystes vedtak i kommunestyret.

Fylkesmannen vurderer at denne omdisponeringa til næringsføremål ikkje vil skape presedens for andre saker i kommunen. Det er ikkje rom for vidare utviding av bedrifta på noverande areal i landbruksområdet, og vi legg til grunn at kommunen tar ei aktiv rolle i å sikre strenge krav til høg utnytting av det omdisponerte arealet. Vi legg vidare til grunn at arealet blir tilbakeført til landbruksareal ved ei eventuell relokalisering av bedrifta.

Vi vektlegg elles at kommunen gjennom arbeidet med kommuneplanen har tatt omsyn til jordvernet og utforma kommuneplanen i samsvar med Regionalplan Jæren.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger

